



Turmålaksjonen arrangerast i år for tolvte gong! Det er grendeutvala som har valt ut turmåla. Turmåla skal vere ein **inspirasjon** til å kome seg ut og bli kjent med nye stader i bygda. På grunn av Corona-situasjonen og som smitteverntiltak er det ikkje satt ut «FYSAK-kassar» med turbok i år. Du kan nytte Trimpoeng-appen for å registrere deg på desse stadane. Om du ønskjer fleire turmål å gå til, finn du det i Trimpoeng-appen. Sjå sommarens Trimpoeng-aktivitet på [www.trimpoeng.no/i/lesjatur20/](http://www.trimpoeng.no/i/lesjatur20/) og last ned Trimpoeng på din smarttelefon. Turmålaksjonen går frå **1. juni – 4. oktober**.

For turbeskrivingar sjå turheftet «**På tur i Lesja**», tur-appen **UT.no** / [www.ut.no](http://www.ut.no) eller **Outtt** / [www.outtt.com/lesja](http://www.outtt.com/lesja). På **Instagram** kan du gjerne følgje profilen @turilesja og bruke emneknaggen **#turilesja** og **#trimpoenglesja** på dine turbilete frå Lesja.

**Vi ønskjer alle ein riktig god tursommar i Lesja!**



Turmål	Grend	Beskriving
<b>Kvernhusstien</b>	Bjorli/Rånå	Tur nr. 5, s. 18 i turheftet "På tur i Lesja". Kvernhusfossen er biletet lengst til høgre over.
<b>Toppen</b>	Bjorli/Rånå	Tur nr. 3, s. 16. Bjorlitoppen.
<b>Prestsetersaga</b>	Lesjaskog	Hit kan ein gå, sykle, trille barnevogn eller nytte sjøvegen med båt/kano/kajakk. Frå Dambrua i vestenden av Lesjaskogsvatnet er det 3 km. 1,5 km frå Bryggeosen, 4 km frå Tandseterosen eller 8 km frå Lesjaverk. Utsikt over breiaste delen av vatnet, og mot Skottgardane og Bjølåsgardane.
<b>Nedre Mølmsvatnet</b>	Lesjaskog	Ta utgangspunkt i tur nr. 15, s. 30. Turmålet er ved osen, der vatnet renn ut i Mølmsåa, 1395 m.o.h. Ca. 7-8 km kvar veg. Tungt oppover lia og viggja, men blir flatare og lettare frå himmelshøgda og innover. Reinsgraver på staden. Ekstra fin utsikt over bygda og fjella rundt. Om ein ikkje vil gå same veggen attende, kan ein gå over Storhøhalsen til Skottabotten, ned langs Skottåa etter merka stig og attende til utgangspunktet.

<b>Bryggeosen</b>	Lesjaverk	Turmålet er omtala i tur nr. 25, s. 42. Lett tilgjengelig gapahuk med universelt utforma flytebrygge for fiske.
<b>Valåfossen</b>	Lesjaverk	Sjå tur nr. 28, s. 45. Turmålet er på toppen av råket aust for Valåe.
<b>Lorfossen</b>	Nordmo	Sjå tur nr. 36, s. 55.
<b>Gamle Haukrust veg</b>	Nordmo	Tur nr. 35, s. 54.
<b>Ulvaholen</b>	Lyftingsmo	Sjå tur nr. 40, s. 59
<b>Plass-setre</b>	Lyftingsmo	Tur nr. 39, s. 58.
<b>Hovda</b>	Kyrkjebygde	Sjå tur nr. 44, s. 65. Flott utsikt over Kyrkjebygde.
<b>Vanglykkja</b>	Kyrkjebygde	Sjå tur nr. 41, s. 62. Turmålet er ved bekkefareet. Hit kan du kome med sykkel, barnevogn og terrenggåande rullestol.
<b>Andbergshøe</b>	Bø	Sjå tur nr. 52, s. 75.
<b>Svarttjønn</b>	Kjøremsgrende	Tur nr. 55, s. 79.
<b>Dalberget</b>	Kjøremsgrende	Turmålet er den flotte gapahuken "Vy" som blei satt opp av eldsjeler i 2019. Start frå snuplassen ved Brattbakken, lengst vest på skogsbilvegen ovanfor Kjøremsgrende. Nokre hundre meter å gå langs tydeleg veg, fortset ca. 100 m opp i skogen på stig. Flott utsikt!

**UT.no** Turportal og -app med turmål i Lesja.



Tur-app med turmål i Lesja på norsk og engelsk.



Aktivitets-app som, sanker Trimpoeng i Lesja på din smarttelefon.

<http://www.trimpoeng.no/i/lesiatur20/>